

## INNSENDING AV VERJEREKNESKAP FOR 2020

I Statsforvaltarens (tidlegare Fylkesmannens) register er du oppført som verje med rekneskapsplikt. Det inneber at du er pliktig til å sende inn fullstendig verjerekneskap til Statsforvaltaren for ditt/dine verjemålsoppdrag der det er rekneskapsplikt. Dette følgjer av verjemålslova § 53, og verjemålsforskrifta § 20 første ledd.

**Du er pliktig til å sende inn følgjande dokumenter for kvart verjemål med rekneskapsplikt, til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark innan 30.04.2021:**

### **Fullstendighetserklæring (Årleg erklæring om rekneskap og forvaltning av formue) (GA-8042)**

Alle punkt skal svarast på. Erklæringa blir ikkje godkjent dersom dette ikkje er gjort. Blir erklæringa sendt inn på papir, skal verja datere og signere denne. Skjemaet kan ikkje fyllast ut før verjehavars Skattemelding for 2020 ligg føre. Du må føre opp alle bankkontoar verjehavar har, og kven som har disposisjonsrett til desse.

### **Skattemelding**

Kopi av skattemeldinga (tidlegare sjølvmelding) til personen du er verje for. Innan skattemeldinga for 2020 blir tilgjengeleg, blir det lagt ut rettleiing på [www.vergemal.no/vergehavers-skattemelding](http://www.vergemal.no/vergehavers-skattemelding) med informasjon om utfylling, utskrift og korleis du kan få digital tilgang til verjehavars skattemelding.

Dersom det blir gjort endringar på skattemeldinga, er det kopi av den korrigererte versjonen du skal sende Statsforvaltaren. Dersom du sender inn slik korrigert skattemelding, må du også legge ved kopi av den opprinnelege skattemeldinga. Dette fordi den korrigererte skattemeldinga inneheld færre detaljar enn den opprinnelege.

Dersom du har motteke godtgjering for verjeoppdraget for 2020 og verjehavar sjølv har dekkja dette, minner vi om at du som verje må korrigere skattemeldinga til den du er verje for, då denne utgifta gir rett til frådrag (førast som frådrag under post 3.3.7). Det er utgifter som er belasta verjehavar i løpet av 2020 som skal førast som frådrag.

### **Årsoppgåver**

Du skal sende inn årsoppgåver frå alle bankar verjehavar har konto i, i tillegg til årsoppgåver frå spareforsikringar, fond, aksjar, obligasjonar og andre verdipapir som tilhøyrer verjehavar. Du treng ikkje sende oss årsoppgåve for eventuell/e kapitalkonto/ar som Statsforvaltaren disponerer.

### **Kontoutskrifter**

Du skal sende inn kopi av månadlege kontoutskrifter for alle kontoane du har disposisjonsrett til i verjemålet. Kontoutskriftene skal dekke alle månader og skal sendast inn sjølv om det ikkje har vore bevegelsar på kontoen og sjølv om du som verje ikkje har brukt kontoen. Alternativt må det leggjast fram dokumentasjon fra bank på at det ikkje har vore bevegelsar på konto i 2020. Kontoutskriftene skal vere i bankens eige format. Det vil sei at dei skal vidaresendast i det formatet du får dei frå banken (ikkje kopierast over i Word, Excel eller liknande). Kontoutskrifter skal sendast for alle månader du har vore verje i perioden 01.01.2020 til 31.12.2020. Det er ikkje tilstrekkeleg å sende inn transaksjonsversikt frå konto/nettbank. Dersom teksten ikkje forklarar kva transaksjonen gjeld, skal forklaring førast

tydeleg på kontoutskrifta. Alle kontantuttak må forklarast på kontoutskrifta. Du kan evt. bruke pkt. 5.11 i fullstendigheitserklæringa, eller leggje ved forklaring på eige ark. Det er viktig at transaksjonar på kontoutskriftene er forståeleg for Statsforvaltaren og revisor, slik at det kjem fram kva midlane har gått til.

Vi minner om at verjehavar si inntekt som den klare hovudregel skal betalast inn til konto i verjehavar sitt namn, og ikkje til verje sin konto, bufellesskap eller andre.

**Statsforvaltaren føretrekk digital innsending, og ber alle verjer til å sende verjerekneskapen inn via Altinn.** I Altinn fyller du ut skjema for Fullstendigheitserklæring [GA-8042](#) og legg ved aktuelle dokument som nemnt over. Brukarretteleing for innlevering av erklæringa via Altinn finn du på [www.vergemal.no/vergeregnskap](http://www.vergemal.no/vergeregnskap). Du kan også gå inn på skjemaet via [www.altinn.no](http://www.altinn.no) og velje tema «Vergemål» under «Skjema og tjenester».

Viktig å hugse på ved innsending via Altinn:

- Bruk din eigen elektroniske ID ved innsending av verjerekneskapen og ikkje verjehavar sin ID
- Send inn komplett verjerekneskap via Altinn når alle aktuelle dokument og vedlegg ligg føre. Bruk korrekt kategori for vedlegga. Dersom du legg alle vedlegg på same kategori vil du kunne få purring på manglande innlevering.
- Ved innsending via Altinn skal du ikkje sende papirkopi i tillegg.

Til orientering har skatteetaten samla sin generelle informasjon om verjemål i Skatte-ABC for 2020/2021: <https://www.skatteetaten.no/rettskilder/type/handboker/skatte-abc/gjeldende/vergemal/>

Ei verje skal som hovudregel ikkje disponere meir enn inntil 202 702 kroner (tilsvarande 2G) på vegner av person med verje. Overskytande skal overførast til ein kapitalkonto som Statsforvaltaren forvaltar på vegner av verjehavar. For nærare informasjon om dette, sjå [www.vergemal.no](http://www.vergemal.no) eller kontakt Statsforvalteran.

Dersom det er pålagt utvida rekneskapsplikt i eit verjemål, skal Statsforvaltaren i tillegg til det ordinære verjerekneskapet, også ha tilsendt kopi av rekneskap for drift av eigedom og/eller den aktuelle nærings-/ ervervsverksemda. Det er normalt tilstrekkeleg å sende oss kopi av likningspapir/ skjema som gjeld næringa og som følgjer med verjehavars skattemelding. Frist for innsending av utvida verjerekneskap er 30. juni.

For ordens skuld gjer vi merksam på at du som verje med rekneskapsplikt, skal oppbevare alle kvitteringar og vedlegg knytt til verjemålet i minst tre år. Kvitteringar og vedlegg skal ikkje sendast til Statsforvaltaren.

Eventuelle søknader om Statsforvaltarens godkjenning, krav om godtgjering eller anna, må sendast separat – og ikkje leggst ved verjerekneskapen.

**Fullstendig/samla rekneskap som forklart over bes sendt Statsforvaltaren via Altinn innen 30. april 2021.** Vi gjer merksam på at mangelfull levering av fullstendig verjerekneskap innan fristen kan få konsekvensar for ditt verv som verje.

Innan skattemeldinga for 2020 ligg føre blir det også lagt ut nyttig informasjon om utfylling av di eiga skattemelding når det gjeld ditt eller dine verjeoppdrag på [www.vergemal.no/vergens-skattemelding](http://www.vergemal.no/vergens-skattemelding).

Vi føretrekk, som tidlegare skildra, digital innsending av verjerekneskap via Altinn. Dersom du likevel vel å sende inn verjerekneskapen på papir skal det sendast samla i ein konvolutt til adressa under. Ver merksam på at det ikkje skal vere stiftar eller bindersar på det du sender inn. Vi ber om at dokumenta vert sendt samla til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark innan 30. april 2021.

Nærare informasjon om verjerekneskap og video om digital innsending av verjerekneskap finn du på vår nettside. Der finn du også bokmål-versjon av dette brevet, samt skjema «Fullstendighetserklæring» og «Forside for skanning» - som kun skal brukast dersom verjerekneskapen blir sendt som ordinær post.

Informasjon og rettleiing om verjerekneskap finn du også på verjemålsportalen, [www.vergemal.no](http://www.vergemal.no).

Dersom noko er uklart, ber vi deg ta kontakt med Statsforvaltaren så snart som råd. Telefonnummeret til verjemålsseksjonen er 33 37 10 00, og vi har telefontid måndag – tysdag – torsdag - fredag kl 0900 – 1100 og 1200 – 1400. Du kan også sende oss generelle spørsmål via «Sikker melding til Statsforvaltaren» som du finn under skjema på [www.vergemal.no](http://www.vergemal.no).

Med venleg helsing

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark - Postboks 2076 – 3103 Tønsberg